

Aurland Bestandsplanområde

Bestandsplan



2024 - 2026

Føreord

Dette er Aurland hjorteutval sin plan for Aurland Bestandsplanområde for treårsperioden 2024 - 2026. Planen er ei skildring av status, i tillegg til tiltak for å nå ynskete målsettingar.

Det er valda som får tildelt løyva frå kommunen. Jakta føregår i valda slik den har gjort før og dette vil ikkje verte endra på. Valda kan om ein vil, legge opp til flytting av løyver internt i bestandsplanområde, men då må det ligge føre ein skriftleg avtale.

Innhald

Føreord

1. Bestandsplanområdets avgrensing og storleik
2. Organisering og drift av bestandsplanområdet
3. Status
 - 3.1 Arealbruk og områdeavgrensing
 - 3.2 Bestandsutvikling og status
 - 3.3 Irregulær avgang
 - 3.4 CWD, prøvetaking, kjeveinnsamling
 - 3.5 Oppsummering
4. Handlingsdel
 - 4.1 Planperiode
 - 4.2 Målsettingar
 - 4.3 Avskytingsmodell
 - 4.4 Fordeling av kvoten
 - 4.5 Avgjerslegrunnlaget
5. Rullering av planen


1. Bestandsplanområdets avgrensing og storleik

Aurland bestandsplanområde dekkjer heile Aurland kommune. Ein legg til grunn 325119 dekar teljande areal. Det er total 55 godkjende hjortevald innafor planområde i varierande storleik, 46 av desse er medlemer i Aurland bestandsplanområde.

Vald id	Valdnamn	Medlem	Teljande areal hjort
4641V0013	Nordheimsdalen	X	26528
4641V0015	Horten	X	2267
4641V0016	Nedberge	X	4538
4641V0017	Vetlenedbergane	X	1003
4641V0018	Skjerdal	X	7245
4641V0019	Volda	X	1155
4641V0020	Aas	X	2446
4641V0021	Bjørgo	X	1080
4641V0022	Turlid/ Skaim	X	5073
4641V0023	Terum	X	4268
4641V0024	Steine	X	2368
4641V0025	Øyum/Veum	X	8016
4641V0027	Midje	X	3200
4641V0028	Bjelde		6483
4641V0031	Vetledalen	X	1771
4641V0033	Østerbø		2962
4641V0039	Fretheim	X	4009
4641V0040	Indrelid	X	4214
4641V0041	Dalsbotn/Haglum	X	3888
4641V0043	Thunshelle	X	3160
4641V0044	Bergkvam	X	2973
4641V0045	Melhus	X	3404
4641V0046	Reinunga/Kvanntjørn/Kårdal	X	5723
4641V0048	Vidme	X	2131
4641V0052	Kamben/Rudningen	X	1879
4641V0053	Hjellum	X	1094
4641V0054	Underdal	X	25013
4641V0055	Stegen	X	3404
4641V0056	Styvi		13738
4641V0057	Tufto Sør	X	1011
4641V0058	Skjerpi	X	4534
4641V0059	Hemre		2048
4641V0060	Gudvangen		1996
4641V0061	Bakka		6886
4641V0062	Dyrdal Storvald		49942
4641V0063	Stundalen	X	3798
4641V0064	Hylland		6925

4641V0065	Sjh/Lunde	X	1620
4641V0066	Ramsøy	X	5004
4641V0067	Skålo	X	1662
4641V0068	Berekvam	X	1824
4641V0070	Myrdal	X	2658
4641V0071	Skori		1316
4641V0072	Frivollen	X	2090
4641V0074	Flenjane	X	3280
4641V0076	Brekke/Frondalen	X	16673
4641V0077	Flåm	X	11736
4641V0086	Uppsete	X	2596
4641V0090	Kvam	X	1235
4641V0091	Liahovden	X	26553
4641V0092	Kvammadal	X	1223
4641V0097	Geisme/Seltuft	X	6032
4641V0099	Kvamsbergi/Nisedalen	X	3191
4641V0100	Nesbø-Holmen	X	2853
4641V0101	Tufto	X	1400
		46	325119

Tabell 1: Valdoversikt Aurland Bestandsplanområde, dekkjer heile kommunen.



Figur 2. Kart over Aurland bestandsplanområde for hjort

2. Organisering, drift og økonomi

Det er valda i område som er medlem i Aurland Bestandsplanområde, og vert representert gjennom valdsansvarleg representant. Bestandsplanområde skal驱a med hjorteforvaltning innafor område, og medlemane har skrive under på samarbeidsavtale om dette. Det er valda som får tildelt løyva frå kommunen etter godkjend bestandsplan. Fordelinga er beskrive seinare i planen. Om det er trøng for det, kan løyver flyttast mellom vald, då er det krav om skriftleg samjaktavtale. Det er valda som skal rapportere fellingsresultat og bestandsdata til kommunen.

Aurland bestandsplanområde vert drive av styret i Aurland hjorteutval, og det er styret som driv planområdet etter vedtekter og vedtak fatta i Årsmøte. Bestandsplanområde engasjerer eigen sekretær for den faglege oppfølging av planen, rapportering og eventuelle justeringar undervegs. Det vil verte trøng for arbeid knytt til informasjonsarbeid, kompetanseheving og auka oppslutnad.

3. Status


Den grunneigarstyrde lokale hjorteforvaltninga skal vere kunnskapsbasert. Mål og tiltak må difor vere basert på best tilgjengeleg kunnskap til ein kvar tid. Sett hjort har vore nytta i Aurland i mange år, no byrjar oppslutnaden å bli svært bra. Kapittelet om status er laga med grunnlag i sett hjort, fellingsdata og lokalkunnskap.

3.1 Arealbruk og områdeavgrensing

Aurland bestandsplanområde legg til grunn ei områdeavgrensing for planområde som tilsvrar Aurland kommune. Hjorten nyttar arealet i planområde noko ulikt og i grender med aktiv drift av innmarka til gras, frukt/bær og grønsaker er tettleiken større enn i andre delar.


3.2 Bestandsutvikling og status

Grunnlaget for bestandsutvikling og status i bestanden finn vi fellingsdata, sett hjort og lokalkunnskap. Sett hjort materialet er sårbart for feil og einskilde ekstremobservasjonar, og ein legg på generelt grunnlag til grunn at ein bør ha over 1000 N (Observasjonar) før ein kan trekke konklusjonar frå registreringa. Presisjonen vert betre med aukande tal observasjonar. Dei 12 siste åra er det registrert langt over 1000 hjort i materialet kvart år.




Figur 1 syner fellingstala i Aurland dei siste 13 åra.

Fellingstala i Aurland har auka dei siste åra, dette kan forklarast med ein plan om å redusera hjortestamma kring Nordfjella sone 1. Kvotane har vorte større og fleire andre fellingsstimulerande middel er vorte sett inn. I 10 året før 2016 skaut me ca. 160 dyr i året, etter 2016 har me nesten skote 230 hjort i året.



Figur 2. Syner utvikling av sett hjort per jegertime og antal jegertima

Desse tala er litt usikre, bruken av termiske kikertar har auka sterkt den siste planperioden. Siste året me hadde stor avgang på grunn av ein hard vinter var i 2018, då fekk me ein sterk tilbakegang i hjortebestanden. Vintrane etterpå har vore snillare og me har ikkje funne så mykje daudt. Sett hjort pr. jegertime viser ein svak oppgang noko som kan bety att det er fleire dyr i liane, men bruken av termiske hjelpemiddel gjer att det blir færre bomturar på jakt og då blir ikkje ein bestandsnedgang fanga opp.




Figur 3.


Styret i Aurland bestandsplanområde har meint me har ein del innvandring av unge hanndyr frå andre kommunar. Dei siste planperiodane har grafen gått litt for mykje oppover og me ser no i den siste treårsperioden att me er kome opp i 1,28 sette koller pr. bukk.

Me har lege høgt på hanndyrkvoten i alle år fig.4, men fig.3 syner att me har hatt bra med bukk i bestanden. I boka «Alt om hjort» hevdar Erling Meisingset att ved låg bestandstettleik blir det født fleire hannkalv enn hokalv, motsett ved tette bestandar. Kanskje det er dette som er i ferd med å skje i Aurland ?

Framleis ligg me godt an i forhald til målsetningar, men grafen går feil veg og det kan vera lurt å bremsa denne utviklinga.



Figur 4. Syner prosentvis utvikling av skotne dyr i Aurland fordelt på kjønn



Figur 5. Syner korleis dei skotne dyra fordeler seg på kategoriane kalvar/ungdyr vs vaksne dyr

I forhold til avskyting av ungdyr i forhold til vaksne ligg me litt betre an enn førre planperiode, målet er 60% kalv/ ungdyr i fellingane, me låg på ca. 57 % i 2023. Aurland hjorteutval har gått i bresjen for fri kalvaskyting me var dei fyrste som fekk innvilga dette av Miljødirektoratet. No har svært mange andre kommunar og fått dette til. Me ser att fokuset

på å spara produksjonsdyra har slått an, dette kan vera med å forklara den positive utviklinga i forhald til auka uttak av kalv og ungdyr.

3.3 Irregulær avgang.

Irregulær avgang i hjortebestanden kan vera knytt til møter mellom hjort og bil, det har ikkje vore noko stort problem i Aurland. Hjorteutvalet vil jobba for at dette ikkje vert endra på i framhaldet.

Den store usikkerheita her er vintrane, viss det er harde vintrar der hjorten blir ståande på små område kan ein få høg dødleghet. Her må ein fylgja med og ta det inn i planane dei åra det skjer.

3.4 CWD prøvetaking, kjeveinnsamling.

Dei siste åra har alle vaksne dyr vorte teke CWD prøve av. Det er jegrane sjølve som gjer dette og sender inn for testing, over 1000 prøvar er testa dei siste 7-8 åra, men det er ikkje funne CWD i prøvane frå hjort og elg i Aurland.

Aurland hjorteutval har plan om kjeveinnsamling kvart 3. år, det siste året i planperioden. Dette har vorte gjennomført og innsamlingsplassen har vore ved Fiskehuset på Fosssheim. Dette fungere greitt, og dei fleste jegrar fylgjer dette opp. Dette vil på sikt vera eit godt verkemiddel for å sjå på kondisjonen til bestanden.

3.5 Oppsummering:

Aurland hjorteutval meiner hjortestamma er sunn og frisk og at det er samsvar med det ein kan lese i talmaterialet og det vi ser i skogen. Bestanden har etter vårt syn halde seg rimleg stabil dei siste åra. Det er bra med hanndyr i bestanden, men me må leggja meir av avskytinga på kalv/ ungdyr for å få ein meir solid bestand med vaksne produksjonsdyr. Det er kun små justeringar som skal til for å oppnå måla i bestandsplanen, me låg på 57% kalv og ungdyr i fellingane i 2023, med mål om 60% siste planperiode.

Aurland hjorteutval ser att jegrane i aukande grad tek i bruk hjelpemiddel som termiske kikertar. Dette kan føra til att jaktinga vert meir effektiv, ein tek ikkje jag i lia utan att ein ser dyr med varmesøkande kamera. Dette er ikkje nødvendigvis noko problem, men det kan føra til att det vert lagt inn tal i sett hjort statistikken som viser att det er fleire dyr enn det eigentleg er i liane. Dette er viktig å ta med seg vidare, sett hjort statistikken må berre brukast i lag med andre hjelpemiddel som for eksempel fellingstal og lokale innspel for å anslå status. Det er også viktig att alle føre sett hjort skjema på same måten, det skal kun registrerast dyr ein ser i terrenget under jakt, dyr oppdaga med termiske hjelpemiddel skal ikkje registrerast før ein ser dei utan bruk av termisk.

4. Handlingsdel

4.1. Planperiode

Aurland hjorteutval søker om godkjenning av ein treårig bestandsplan for tidsrommet 2024 - 2026 for forvaltning av hjorten i område.

4.2. Målsetting

For at ein skal kunne styre mot ei ynskt utvikling er det naudsynt med konkrete, målbare og tidfesta målsettingar. Måla skal og ta omsyn til offentlege krav og føringar som ligg til grunn for hjorteforvaltning. Aurland hjorteutval ser det likevel som viktig av planen er basert på lokalt forankra målsettingar, ein legg difor til grunn at det kan vere ulike ynskjer mellom medlemane i bestandsplanområde.

Forskrift om forvaltning av Hjortevilt har krav om at grunneigarane sine bestandsplanar skal ta omsyn til offentleg målsettingar. Aurland kommune har laga eit måldokument for hjorteforvaltninga i kommunen. I kapittel 3. (Mål) Står det følgjande:

"Årdal, Lærdal og Aurland har som mål å ha ein bestand av hjortevilt som er tilpassa naturleg næringstilgang, har god kondisjon og som skal føra til minimal skade på jord, skog og andre samfunnsinteresser. Hjorteviltbestanden skal vere til nytte og glede for grunneigarar, jegerar og ålmenta"

Miljødirektoratet og Mattilsynet påla i 2017 kommunane i Nordfjellaregionen ein reduksjon av hjorteviltbestandane, på grunn av funn av Skrantesjuke (CWD) på villreinen i Nordfjella villreinområde sone 1. No har det gått 7-8 år med testing av alle vaksne dyr og ingen funn av sjukdom. Signala er no att ein ikkje skal legga opp til ein auke i hjorteviltbestandane.

Hovudmål:

Hovudmålet for denne planperioden er stabilisering av hjortestamma, i planperioden har me som mål å halde sett hjort pr. jegertime på 0,20.

Dette skal gjerast innafor berekraftige rammer for landbruket, skogbruket og andre samfunnsinteresser. Ein legg vidare til grunn ei målsetting om ein forutsigbar bestandsutvikling til gode for hjorteforvaltninga, næringsverksemd og andre samfunnsinteresser.

Delmål:

- Halde på eit godt kjønnsforhold i bestanden, ikkje over 1,4 kolle pr bukk i sett-hjort statistikken.
- Redusera talet på felte hanndyr, med mål om 50/50 % hanndyr-hoddyr i fellingane, når ein redusere talet på felte hanndyr skal fellingane dreiest over på kalv/ ungdyr.
- Mål om 225 felte hjort i året, dei åra ein ikkje har høg vinterdødlegheit.
- Legge til rette for eit uttak i valda som tek omsyn til lokale ynskje og behov.
- Legge til rette for best mogleg avgjerslegrunnlag i hjorteforvaltninga, målsetning på 100 % oppslutning på sett-hjort registreringane og alle må føra skjema på same måten.
- Freda alle bukkar med 12 eller fleire gevirtaggar, desse er spesielt verfulle i avlen.

Status viser att me i neste planperiode må redusera talet på fellingar av vaksne bukkar, og auke på kalv og ungdyr. Dette for å halda oppe slaktevektene og leggja opp til ein god struktur i stamma. Det er små justeringar som må til.

I førre planperiode innførte me ein del fellingsstimulerande tiltak. Ein del av desse tiltaka vil me no ta vekk, dobling av kvotane inn mot sone 1 bør kunna takast vekk, viss ein kan oppretthalda fri kvote på kalv.

Aurland hjorteutval ynskjer vidareføra:

- Frie løyve, på grunn av topografi og valdstrukturen i Aurland. Viss me ynskjer halda oppe fellingstala i Aurland må valda sjølv bestemma meir om kva type dyr dei skal fella.
- Fri kalvakvote, for å spara på produksjonsdyr.
- Utvida jaktperiode i august og januar, berre jakt på kalv/ ungdyr, januarjakta kun på eller nær innmark. Me har denne ordninga eit år til og viss Miljødirektoratet ynskjer fortsetja med denne ordninga vil me vurdera å bruka den her i Aurland og.
- Fellingsstimulerande midlar til utflyging av slakt og tilskot til nye ettersøkshundar.
- Halda på eit bakgrunnsareal pr. løyve på 1000 daa, viss retta avskyting må ein gå ned på bakgrunnsarealet for å oppretthalda fellingsmåla.
- Ordninga med flytting av løyve mellom vald og liberal flytting av løyve frå år til år i planperioden må vidareførast.

Aurland hjorteutval har mål om ikkje over 1,4 kolle pr. bukk i sett hjort matriale, minst 60% kalv/ ungdyr og 50% hanndyr i fellingane. Det er valda sjølv i felleskap som må ta tak og prøva nå desse målsetningane. Når ein skal auka fellinga av kalv/ ungdyr må det skje i dei valda hjorten oppheld seg i. Desse valda må ta større ansvar for å fella kalv/ungdyr enn utkantvalda, og dei bør fella færre vaksne dyr. Ein må leggja forhalda betre til rette for

flytting av løyve. Utkantane som ikkje fyller kvoten må kunne ta del i verdiskapinga ved å selja løyve til eller få adgang til meir sentrale vald med høgare tettheit av hjort. Viss ein kan få ein felles forståelse for dette kan det auke motivasjonen til jegrane om å forvalta ein bestand.

4.3 Fordeling av kvoten

Valda/medlemane får tildelt heil kvoten for heile planperioden som frie løyve, i tillegg er det fri kalvakvote.

4.4 Avskytingsmodell

Aurland hjorteutval søker om godkjenning av ein bestandsplan for treårsperioden 2024 – 2026, med ei årleg kvote på 301 dyr, til saman 903 løyve for heile planperioden. Fri kalvakvote kjem i tillegg. Me reknar med att det blir felt ca 225 dyr i året.

Vald id	Valdnamn	Areal	Tildeling årleg
4641V0013	Nordheimsdalen	26528	26
4641V0015	Horten	2267	2
4641V0016	Nedberge	4538	4
4641V0017	Vetlenedbergane	1003	1
4641V0018	Skjerdal	7245	7
4641V0019	Volda	1155	1
4641V0020	Aas	2446	2
4641V0021	Bjørgo	1080	1
4641V0022	Turlid/ Skaim	5073	5
4641V0023	Terum	4268	4
4641V0024	Steine	2368	2
4641V0025	Øyum/Veum	8016	8
4641V0027	Midje	3200	3
4641V0028	Bjelde	6483	6
4641V0031	Vetledalen	1771	1
4641V0033	Østerbø	2962	2
4641V0039	Fretheim	4009	4
4641V0040	Indrelid	4214	4
4641V0041	Dalsbotn/Haglum	3888	3
4641V0043	Thunshelle	3160	3
4641V0044	Bergkvam	2973	2
4641V0045	Melhus	3404	3
4641V0046	Reinunga/Kvanntjørn/Kårdal	5723	5
4641V0048	Vidme	2131	2
4641V0052	Kamben/Rudningen	1879	1

4641V0053	Hjellum	1094	1
4641V0054	Underdal	25013	25
4641V0055	Stegen	3404	3
4641V0056	Styvi	13738	13
4641V0057	Tufto Sør	1011	1
4641V0058	Skjerpi	4534	4
4641V0059	Hemre	2048	2
4641V0060	Gudvangen	1996	1
4641V0061	Bakka	6886	6
4641V0062	Dyrdal Storvald	49942	49
4641V0063	Stundalen	3798	3
4641V0064	Hylland	6925	6
4641V0065	Sjh/Lunde	1620	1
4641V0066	Ramsøy	5004	5
4641V0067	Skålo	1662	1
4641V0068	Berekvam	1824	1
4641V0070	Myrdal	2658	2
4641V0071	Skori	1316	1
4641V0072	Frivollen	2090	2
4641V0074	Flenjane	3280	3
4641V0076	Brekke/Frondalens	16673	16
4641V0077	Flåm	11736	11
4641V0086	Uppsete	2596	2
4641V0090	Kvam	1235	1
4641V0091	Liahovden	26553	26
4641V0092	Kvammadal	1223	1
4641V0097	Geisme/Seltuft	6032	6
4641V0099	Kvamsbergi/Nisedalen	3191	3
4641V0100	Nesbø-Holmen	2853	2
4641V0101	Tufto	1400	1
		325119	301

4.5 Avgjerslegrunnlaget

For at avgjerslegrunnlaget for forvaltning av hjort i bestandsplanområdet skal verte godt, vil ein framleis ha fokus kvaliteten på sett-hjort registreringane, alle må registrera likt. Aurland hjorteutval vil oppmode alle om å vega alle dyr nøyaktig og leggja det inn i Hjorteviltregisteret, spesielt vektene på kalv og ungdyr er viktige å få inn, og me har ikkje bruk for anslårte slaktevekter.

5 Rullering av planen

Styret/hjorteutvalet skal lage framlegg til ny plan i god tid før siste årsmøte i planperioden. Denne skal sendast ut på høyring til valda, før den vert handsama på Årsmøte før endelig godkjenning.

Aurland 25. april 2024

Aurland hjorteutval